

# TENK TRYGGLEIK

## Prosjektplan

**Utarbeida av:**

**Lisbeth Lidal, Eirik Nygård, Anne Merete Ødven og Knut Arne Klingenberg.**

Ferdig September 2009

Redigert April 2010

## Innholdsfortegning

Innleiing.....	5
Definisjonar.....	5
Tilbakeføringsgarantien.....	5
Målsettingar.....	5
Organisering og økonomi.....	6
Styringsgruppe.....	6
Prosjektleiing.....	6
Arbeidsgruppe.....	6
To overordna fokus.....	7
Samarbeid rundt enkeltmenneska i målgruppa.....	7
Arbeid i tre stadia.....	7
Før.....	7
Politiet.....	7
Kartlegging.....	8
Personundersøking.....	8
Påtaleunnlating.....	8
Frivillig avtale om samarbeid mellom lovbrutar og Tenk Tryggleik.....	8
Under.....	8
Varetekt.....	8
Betinga dom.....	9
Ubetinga dom.....	9
Straffgjennomføring utanfor fengsel.....	9
Elektronisk kontroll.....	9
Samfunnsstraff.....	9
Program mot ruspåverka kjøring.....	9
Etter.....	10
Prøvefrisettjning.....	10
Frivillig avtale om samarbeid mellom målgruppa og Tenk Tryggleik.....	10
Forvaltning – målet om et forpliktande samarbeid.....	10
Koordinatorane sine oppgåver.....	11
Kartlegging.....	11
Samtykkeskjema.....	11
Oversikt over Tenk Tryggleiks klientar / saker.....	11
Evaluering.....	11
Informasjon og samfunnsdebattant.....	12
Samarbeidspartnarar.....	13
Politi.....	13
Rutinar / verktøy ved innkomne saker.....	13
Bruk av påtaleunnlating.....	13
Rutinar personundersøking.....	13
Politiets meldingar til barnevernstenesta.....	13
Politikameratane.....	13
Domstol.....	13

## Prosjektplan Tenk Tryggleik

Kriminalomsorga .....	13
Fengsel .....	13
Region vest .....	14
Skule .....	14
Helse.....	14
Folkehelsekoordinator .....	14
Ungdomskontakt.....	14
NAV .....	14
Barnevernstenesta .....	14
Frivillige organisasjonar / lag.....	14
Konfliktråd.....	14
Husbanken .....	14
Det lokale arbeidslivet.....	15

## Innleiing

Tenk Tryggleik er et samarbeid mellom kriminalomsorga, politiet og Årdal kommune.

Tenk Tryggleik har utgangspunkt i regjeringa sin tilbakeføringsgaranti og *Årdal Tenk Tryggleik* – eit allereie eksisterande tiltak i Årdal kommune.

Tenk Tryggleik har som mål å legge til rette for at kriminelle tidlegast mogeleg vert sett i kontakt med prosjektet sin tilbakeføringskoordinator, og at denne kontakten vert oppretthalden gjennom heile straffsakskjeda og følgd ut i Årdalsamfunnet etter at kriminalomsorga sitt ansvar opphøyrer.

Tenk Tryggleik har to overordna fokus. Det eine er på individ nivå der kontakten mellom målgruppa, kriminalomsorga og kommunen skal vere regelmessig og målretta. Det andre er på forvaltningsnivå der eit hovudmål er at Tenk Tryggleik er forankra i forpliktande avtalar mellom relevante etatar som for eksempel helse, skule og arbeidsliv. Innhaldet i prosjektarbeidet blir presentert punktvis i teksten.

## Definisjonar.

**Målgruppe.** Tenk Tryggleik har ei vid målgruppe. Tenk Tryggleik skal jobbe med domfelte, i friomsorg og fengsel (også i varetekt), mistenkte og så bortetter. Kort sagt alle som på ein eller anna måte kan seiast å finne seg ein eller anna stad i straffesakskjeda. Omgrepet Målgruppe dekkar alle desse. Målgruppa viser til dei enkeltmenneska Tenk Tryggleik jobbar med. Nokre stadar er det naturleg å skriva "dei / den i målgruppa" eller liknande. For å gjera det enkelt, er det berre brukt "Målgruppa" som omgrep. Domfelt / innsett er brukt som omgrep der ein viser til Kriminalomsorga sitt generelle ansvar, tilbakeføringsgarantien og der dei i målgruppa faktisk er domfelt og liknande.

**Tidaspektet.** Det er og naudsynt å seia noko om tidaspektet. Tenk Tryggleik jobbar på fleire nivå som gjer at det vert vanskeleg å seia nøyaktig kvar i straffesakskjeda ein er, til dømes generelt førebyggjande, direkte med dei i målgruppa, direkte med enkeltinstitusjonar, på forvaltningsnivå og så vidare. Det er viktig å ha dette i minne, fordi det har ikkje vore enkelt å vera presis når vi viser til det som har med tid å gjera.

## Tilbakeføringsgarantien

"Tilbakeføringsgarantien er ingen garanti i juridisk forstand. Den inneberer at regjeringa erkjenner ei forplikting til å bistå straffedømte til å få utløynt dei rettane dei allereie har som norske borgarar. I tillegg vert det understreka at; "Kriminalomsorga skal legge til rette for at dette kan skje." (Stortingsmelding 37, punkt 14.1., s. 173).

Det vert lagt vekt på at tilbakeføringsgarantien er ein forpliktande samarbeidsstruktur mellom den domfelte, kriminalomsorga og ytterlegare etatar. Kriminalomsorga skal altså legge til rette for et opplegg som føreset den domfeltes-, kriminalomsorgas- og ytterlegare relevante etatar sin innsats.

## Målsettingar

Tenk Tryggleiks ambisjonar er høge. Tenk Tryggleik har fylgjande målsettingar;

### Overordna målsetting;

- ⇒ **Tenk Tryggleik skal redusere og førebyggje kriminalitet.**

### Spesifikke målsettingar;

- ⇒ **Tenk Tryggleik skal tilby og setje i verk tiltak for tilbakeføring for alle i målgruppa som skal tilbakeførast til Årdal. Resultata i samband med arbeidet skal dokumenterast.**
- ⇒ **Tenk Tryggleik skal opprette og oppretthalde kontakt med aktuelle etatar på forvaltningsnivå. Det er ynskjeleg at arbeidet resulterer i avtalar som set rāmene for konkret førebyggjande arbeid.**
- ⇒ **Tenk Tryggleik skal spreie kunnskap om prosjektet sine resultat og ideal, spesielt til samarbeidspartnarar og i lokalmiljøet.**
- ⇒ **Tenk Tryggleik ynskjer å utvide drifta og opprette systerprosjekt i andre aktuelle kommunar.**

## Organisering og økonomi

Prosjektmidlane vart ytt for tre år, frå Justisdepartementet til Kriminalomsorga Region Vest. Midlane vert i hovudsak knytt opp til stillinga som tilbakeføringskoordinator, og det vart tilsett ein person i stillinga frå 1. mai 2008.

Tenk Tryggleik vert koordinert av Sogn og Fjordane friomsorgskontor.

Tenk Tryggleik vert leia av ei styringsgruppe, ei prosjektleiing og ei arbeidsgruppe.

### Styringsgruppe

Grappa sitt arbeid er i hovudsak å ha ein overordna oversikt over Tenk Tryggleik sine ideal og om arbeidet går i tenkt retning i høve til dette. Grappa har og ansvar for å stake ut ny kurs dersom dette vert påkrevja.

Grappa er en ressurs for arbeidet, og det er ynskjeleg at grappa sine medlemmer forpliktar seg til å orientera eigne institusjonar og etatar om Tenk Tryggleik, og tilrettelegg for Tenk Tryggleik sitt arbeid der dette er relevant.

Grappa skal møtast to gangar kvart år, og det er tilbakeføringskoordinatoren som fungerer som sekretær.

Styringsgruppa sine medlemmar;

- Årdal kommune ved leder av NAV Årdal – ein representant
- Kriminalomsorga, Vik fengsel – en representant.
- Kriminalomsorga, Sogn og Fjordane friomsorgskontor – en representant.
- Kriminalomsorga, Region vest – en representant.
- NAV fylke, – en representant.
- Årdal lensmannskontor – en representant.
- Sogn og Fjordane Politidistrikt – en representant.
- Advokatforeininga – en representant.
- Tenk Tryggleiks tilbakeføringskoordinator

Sjå vedlegg 2 for kven som er sitjande medlemmar.

### Prosjektleiing

Prosjektleiinga er plassert mellom styringsgruppa og arbeidsgruppa, og har ansvaret for å vere et bindeledd mellom desse to. leiinga har ansvar for at styringsgruppa og arbeidsgruppa fungerer.

Prosjektleiinga sine medlemmar;

- Underkontorleiar ved Sogn og Fjordane friomsorgskontor, Sogndal underkontor.
- Friomsorgsleiar, Sogn og Fjordane friomsorgskontor.
- Innhald- og metoderådgivar, Kriminalomsorga, Region vest.

Prosjektleiinga har kontakt når dette er påkravd.

Sjå vedlegg 2 for kven som er sitjande medlemmar.

### Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa har ansvaret for den daglege oppfylginga av Tenk Tryggleik.

Grappa sine medlemmer;

- Tenkt Tryggleik sin tilbakeføringskoordinator.
- Underkontorleiar ved Sogn og Fjordane friomsorgskontor, Sogndal underkontor.
- Innhald- og metoderådgivar, Kriminalomsorga, Region vest .

Arbeidsgruppa vert leia av tilbakeføringskoordinatoren. Leiaren har hovudansvar for at grappa møttest; innkalling, sakliste og så vidare. Grappa skal møtast annakvar månad og elles ved behov.

Sjå vedlegg 2 for kven som er sitjande medlemmar.

## To overordna fokus

I arbeidet med målgruppa, ser ein føre seg eit trekant- samarbeid mellom personen i målgruppa, kriminalomsorga og samfunnet sine ytterlegare etatar.

Tenk Tryggleik får dermed eit todelt fokus, det eine på kriminalomsorgas relasjon til enkeltmenneska i målgruppa og det andre på kriminalomsorgas forvaltningssamarbeid med andre etatar.

## Samarbeid rundt enkeltmenneska i målgruppa

Kriminalomsorga skal leggje til rette for at den domfelte / innsette får utløyst de rettane vedkommande allereie har som norsk borgarar. Det er Tenk Tryggleiks målsetjing å koordinere tiltak for målgruppa i lys av dette. Målgruppa sine egne problem og behov står dermed sentralt i dette arbeidet.

I tilbakeføringsgarantien (s. 176 i Stortingsmelding 37) står det at dei domfelte / innsette skal i størst mogleg grad sjølv ta ansvar for eigen rehabilitering og reintegrering.

Det er med disse to punkta retta fokus på kva slags forventningar som vert stilte både til kriminalomsorga og til enkeltmenneska for at målsetjinga om tilbakeføring skal oppnåas.

Dei viktigaste føresetnadene er at kriminalomsorga har et relevant tilbod til målgruppa, og at målgruppa ynskjer eit samarbeid. Det som kjenneteiknar Tenk Tryggleik, er at planlegging av tilbakeføring av målgruppa skal starte umiddelbart etter innsetting eller dom. Tenk Tryggleik skal vere på tilbodssida tidlegast mogleg for å starte prosessen og for å kunne gå i djupna i den einskilde sine problem / behov.

Sjølvval er ein av grunnpillarane i Tenk Tryggleik, og ein føresetnad for å oppnå dei mål som er sett. Det er ynskjeleg at målgruppa i størst mogleg grad er aktiv i å utforme innhaldet i arbeidet.

Fokus skal rettast mot vedkommandes kriminogene faktorar, samt daglige problem / behov. Dette ver gjort ut frå ei erkjenning om at det å rette opp i problemfylte forhold i det daglige liv, også vil vere eit arbeid for å førebygge kriminalitet.

### Arbeid i tre stadia

I arbeidet med målgruppa vert ei tre- deling lagt til grunn. Dei forskjellige stadia viser til kvar klienten er i straffesakskjeda.

FØR	UNDER	ETTER
Politiet (Barnevernsteneste) Kartlegging Personundersøking Påtaleunnlating (vilkår Tenk Tryggleik) Frivillig avtale	Varetekt Straffegjennomføring <ul style="list-style-type: none"> <li>- Betinga dom (vilkår Tenk Tryggleik)</li> <li>- Ubetinga Dom</li> <li>- Samfunnsstraff</li> <li>- Program mot ruspåverka køyring</li> </ul>	Prøvefrisette. "Frivillig ettervern"

### Før

#### Politiet

Tenk Tryggleik skal gjennomførast i tett samarbeid med politiet. Det konkrete samarbeidet vert nærare beskrive seinare i eige punkt under "Samarbeidspartnarar".

Det er ynskjeleg at tilbakeføringskoordinator skal være lokalisert saman med politiet, eventuelt i egne lokalar i tilknytning til lensmannskontoret.

### **Kartlegging**

Koordinatoren skal ha oversikt over tilgjengelege og relevante kartleggingsverktøy. Arbeidet skal gjerast individuelt. Tidligere utført kartlegging frå andre instansar som for eksempel Kriminalomsorga, NAV eller politiet kan trekkast inn.

Sjå også punkt "Kartlegging" under "Koordinatorens oppgåver".

### **Personundersøking**

I Straffeprosesslova § 161 heiter det at: "Når det antas å ha betydning for avgjørelsen om straff eller andre forholdsregler, skal det som regel foretas personundersøkelse av siktede. Foremålet med personundersøkelsen er å skaffe opplysninger om den siktedes personlighet, livsforhold og framtidsmuligheter til bruk for avgjørelse av saken". Personundersøkinga antyder også kva innhaldet i ei eventuell straff vil bli ut i frå vedkommande sitt åtferdsmønster og kriminalitetsbilde. Personundersøking kan nyttast i alle typar straffesaker.

Personundersøking må bli obligatorisk i alle straffesaker frå Årdal lensmannskontor. Lensmannskontoret skal ta initiativ og rekvirere personundersøking umiddelbart etter oppstart av straffesak. Dette vil vere viktig for at ein på eit tidleg tidspunkt skal kunne ta til med å skreddarsy innhaldet i ei straff ut i frå sikta sine individuelle behov og behov for ei samordna oppfølging.

Vidare representerar arbeidet med personundersøking sannsynligvis det første møte mellom lovbrytaren og kriminalomsorga. Denne kontakten og dette arbeidet kan i seg sjølv virke kriminalitetsførebyggjande.

### **Påtaleunnlating**

I Straffeprosesslova § 69 heiter det: "Sjølv om straffeskyld anses bevist, kan påtale unnlates".

"Unnlating av påtale kan også gjøres betinget av slike vilkår som er nemnt i straffeloven § 53 nr. 2, nr. 3 bokstavane a-h, nr. 4 og nr. 5." (meldeplikt, opphaldsstad, arbeid, utdanning, samkvem med bestemte personar, oppfølging av økonomiske forpliktingar, rusforbod, behandling, m.m.)

Påtaleunnlating er ein avtale mellom ein lovbrytar på den eine sida og politi/påtalemyndigheit på den andre sida. Lovbrytaren forpliktar seg til å fylgje opp vilkår / tiltak mot at politiet avstår frå ytterlegare rettsforfylging. Vilkåra/ tiltaka vert nedfelt i ein skriftlig avtale, ein avtale mellom lovbrytar, politi, kriminalomsorga, og andre aktuelle samarbeidspartnarar (vurdert ut i frå lovbrytaren sin individuelle situasjon/behov). Ved brot på avtalen vil politiet vurdere å føre saka inn for retten.

For dei aller yngste lovbrytarane og førstegangskriminelle i Årdal skal ein bruke en slik avtale dersom den straffbare handlinga er av ein slik karakter at ein kan unnlate påtale. Tenk Tryggleik skal koplast til saka, og vilkår / tiltak skal minimum bestå av eit møte / kartleggingsamtale med tilbakeføringskoordinator.

### **Frivillig avtale om samarbeid mellom lovbrytar og Tenk Tryggleik**

Politiet skal formidle informasjon om aktuelle saker / personar til Tenk Tryggleik. Tilbakeføringskoordinator vil då tilby ein avtale om kartlegging og eventuelt frivillig samarbeid i påvente av vidare framdrift i straffesaka. Møtehyppigheit og innhald i samtalar/møter vert fastsett ut i frå lovbrytaren sin individuelle situasjon/behov. Tilbakeføringskoordinator får løyve til å utveksle informasjon med politi og kriminalomsorg. Det vil gå fram av avtalen dersom personen takkar nei til slikt frivillig samarbeid.

Avtalen kan og gjelde for arbeidet etter gjennomføring av straff. Sjå seinare punkt om frivillig avtale etter gjennomføring av straff.

### **Under**

#### **Varetekt**

Når en lovbrytar vert sett i varetekt skal det så raskt som mogeleg etablerast kontakt mellom Vik fengsel, den innsette og tilbakeføringskoordinator for å planleggje og leggje til rette ei eventuell seinare soning av dom.

### **Betinga dom**

Betinga dom (Straffelova § 53) er ei vanleg reaksjonsform ovanfor mange lovbyrtarar. Ordninga med betinga dom *med tilsyn* opphøyrd ved innføring av den nye straffegjennomføringslova. Det er likevel opp til domstolen å vurdere om lovbrotet og den sikta sine individuelle forhold tilseier ein meir merkbar reaksjon som inneber meir oppfylgning enn ein ordinær betinga dom. For dei aller yngste og fyrstegangskriminelle vil denne ordninga vere eit godt alternativ. Ein kan for eksempel setje som vilkår at vedkommande skal fylgje eit skissert opplegg i regi av Tenk Tryggleik.

### **Ubetinga dom**

Når den domfelte tek til på soning av ubetinga fengselsstraff skal det så raskt som mogeleg etablerast kontakt mellom Vik fengsel, domfelte og tilbakeføringskoordinator. Målsetjinga er å legge til rette gode og varige tiltak etter frisetjing.

Ein ser føre seg eit tett samarbeid mellom domfelte, kontaktbetjent, sosialkonsulent og tilbakeføringskoordinator. Arbeidet startar med kartlegging av domfelte slik at ein snarast mogeleg kan lage ein *Framtidsplan* for innhald i soninga og plan over individuelle tiltak både under og etter straffegjennomføringa.

På dette stadiet må ein vurdere om det skal etablerast ei ansvarsgruppe eller tilbakeføringsråd. Tilbakeføringskoordinator bør være fast medlem i slike fora. Målsetjinga blir å sikre ei god og tverrfaglig oppfølging etter frisetjing frå fengsel samt å ivareta den domfeltes eventuelle behov for *Individuell plan*.

### **Straffegjennomføring utanfor fengsel**

Det er politisk målsetjing om å auke bruken av straffegjennomføring utanfor fengsel, det vil seia etter straffegjennomføringsloven §§ 12 og 16. § 12 omhandlar gjennomføring av straff i institusjon. § 16 omhandlar gjennomføring av straff utanfor fengsel, inkludert heimesoning med elektronisk kontroll. Tenk Tryggleik er et systematisert samarbeid mellom kommune, politi og kriminalomsorg som vil kunne bidra til å auke bruken av slike straffereaksjonar.

### **Elektronisk kontroll**

Straffegjennomføring med elektronisk kontroll er ei soningsform for domfelte med ubetinga fengselsstraff opp til fire månadar og domfelte som sonar i fengsel og då har fire månadar eller mindre att til frisetjing. Straffa vert sona i eigen heim med fotlenke.

Det er eit krav at domfelte er sysselsett utafor heimen på dagtid og at domfelte godtek uanmelde kontrollar i heimen og på arbeidsstaden. Eit anna vilkår for straffegjennomføring med elektronisk kontroll er tett kontakt med friomsorga . Kontakten omfattar kartlegging, kriminalitetsførebyggjande samtalar og eventuelt kontaktetablering med NAV og/eller hjelpeapparatet. Godt tilbakeføringsarbeid er avhengig av at viktige tiltak som vert iverksett under straffegjennomføring vert vidareført etter endt soningstid. Det er viktig at tilbakeføringskoordinatoren så tidleg som mogeleg vert sett i kontakt med domfelte som sonar heime, for å sikre kontinuitet i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet.

### **Samfunnsstraff**

Det er friomsorga som administrerar og fastset innhaldet i samfunnsstraffa innanfor dei rammene som retten har bestemt.

Innhaldet i samfunnsstraffa blir avgjort etter ei *Kartlegging* og individuell vurdering av domfelte. Føremålet med *kartlegginga* er å finne fram til tiltak som kan verke kriminalitetsførebyggjande.

Prinsippet om eit forpliktande samarbeid med Tenk Tryggleik vil vere det same ved gjennomføring av samfunnsstraff som ved andre typar straffegjennomføring.

### **Program mot ruspåverka kjøring**

Domstolane kan idømme program mot ruspåverka kjøring som alternativ til ubetinga fengsel ved kjøring i ruspåverka tilstand. Ein slik dom strekkjer seg vanlegvis over 10 månadar og inneheld blant anna individuelle samtalar, samtaleorientert kurs i gruppe og kartlegging / vurdering av behandlingsbehov.

I desse sakene vert det ofte formidla kontakt mellom domfelte og det kommunale hjelpeapparatet. Vidare vert det også gjerne etablert *ansvarsgruppe*.

Også her vil det vere aktuelt med eit forpliktande samarbeid med Tenk Tryggleik.

## **Etter**

### **Prøvefrisetjing**

Prøvefrisetjinga er ein integrert del av straffegjennomføringa. Friomsorga har det faglege og administrative ansvaret for gjennomføring av møteplikt i prøvetida i dei tilfella der dette er aktuelt. Tilbakeføringskoordinator vil i samarbeid med friomsorga ivareta og vidareføre dei tiltaka som er blitt etablert under soning i fengsel.

### **Frivillig avtale om samarbeid mellom målgruppa og Tenk Tryggleik**

Når straffegjennomføringstida opphøyrar ved endt tid, eller eventuelt ved brot, opphøyrer også kriminalomsorga si juridiske rolle i oppfølgingsarbeidet. Ansvaret for vidareføring av tiltaka vil no liggje til Årdal kommune, men tilbakeføringskoordinator vil også tilby samarbeid i denne fasen.

Avtale om vidare frivillig samarbeid vil kunne bli signert. Avtalen er den same som er vist til tidlegare, før gjennomføring av straff, og skal innehalde målgruppa sitt samtykkje til framleis kontakt med tilbakeføringskoordinator.

## **Forvaltning – målet om et forpliktande samarbeid**

Tilbakeføringsgarantien seier at tilbakeføring krev "forpliktande samarbeidsstruktur mellom den domfelte, kriminalomsorga og øvrige etatar". Samarbeidet skal føre til forpliktande avtalar mellom partane.

Det er ynskjeleg å ha eit samarbeid med alle relevante etatar.

Det er og Tenk Tryggleiks målsetjing å spreie kunnskap om- og erfaringar med det førebyggjande arbeidet, tilbakeføringsgarantien og ideala som ligg til grunn for Tenk Tryggleik. Det er ynskjeleg å informere aktuelle samarbeidspartar på aktuelle arenaer, for eksempel seminar, faglige forum og andre relevante samlingar. Dette krev ein dynamisk kontakt med samarbeidspartar.

Det er naturleg å ha ein strategi for korleis ein ynskjer at Tenk Tryggleik vert framstilt i media.

I forvaltningssamarbeidet skal styringsgruppa brukast målretta og aktivt.

## Koordinatoren sine oppgåver

Punkta under denne overskrifta refererer til den fyrste av de spesifikke målesettinga, den som dreier seg om å tilby tiltak for tilbakeføring for alle i målgruppa. Punkta under "Samarbeidspartnarar" refererer til de to andre spesifikke målsettingane, dei om relasjonar på forvaltningsnivå og å spreie kunnskap om Tenk Tryggleik.

Prosjektkoordinatorens oppgåver skil seg frå oppgåvene som sakshandsamar i Friomsorga. Koordinatoren arbeider på alle tre nivå, før, under og etter, medan kriminalomsorga i sitt ordinære straffegjennomføringsarbeid vil ha hovudfokus på nivået under, dvs i løpet av straffegjennomføringa. Koordinatoren skal vere ein ressurs i straffegjennomføringa og ha fokus på sjølve koordineringa av dei tenester målgruppa har krav på.

Tilbakeføringskoordinatoren er tilsett i Kriminalomsorga (Friomsorga). Koordinatoren skal etablere kontakt med aktuelle instansar og samarbeidspartnarar i Årdal kommune for å setje i gang prosessar som skal føre til at klienten ved frisetjing har en plan i høve dei ovannemnde punkta og andre behov som kan sjåast i samanheng med vedkommande sin kriminalitet.

## Kartlegging

Koordinatoren skal kartlegge klientens situasjon og behov. Sjå også punkt "Kartlegging" punkt "Arbeid i tre stadium".

Det er generell semje om at dårlege levekår er ein viktig medverkande faktor til kriminalitet. Straffedømde sin situasjon er ofte prega av opphoping av levekårsproblem, problem innan bustad, økonomi, sysselsetting (utdanning og arbeid), nettverk (familie og venner), fritid, helse (fysisk og psykisk) og rusbruk. Jamfør stortingsmelding 37.

Fylgjande områder skal difor fokuserast på;

- a. Bustad
- b. Sysselsetting (skule og arbeid)
- c. Økonomi
- d. Rusmiddelbruk
- e. Helsetilstand (fysisk og psykisk)
- f. Nettverk (familie, vener, offentlege instansar)
- g. Elles andre områder som måtte vere viktige i høve til klienten sin totale livssituasjon

## Samtykkeskjema

Klienten må signere et samtykkeskjema som dannar utgangspunkt for innhenting av opplysningar frå andre instansar. Det går fram av skjemaet kva vedkommande samtykker til og på kva slags områder koordinatoren kan hente informasjon. Det er mogeleg for klienten å nekte innsyn i einskilde område, medan andre område vert godteke. Det skal informerast om at samtykkjet er frivillig og at samtykkjet kan trekkjast attende kva tid som helst.

## Oversikt over Tenk Tryggleiks klientar / saker

Koordinatoren har ansvaret for å organisere arkiv over Tenk Tryggleiks klientar og saker i tillegg til evalueringsskjema. Det er arbeidsgruppa sitt ansvar å setje retningslinjer for dette arkivet.

Det er ein utfordring av di det er fleire instansar sitt regelverk som gjeld, i tillegg kan det vera personar i målgruppa kor det ikkje skal lagrast noko i dei offentlege arkiva. Retningslinjer for dette fins i eige vedlegg. Sjå vedlegg 4.

## Evaluering

Det er ynskjeleg at Tenk Tryggleik vert evaluert opp mot målsetjingane.

Når det gjeld fyrste målsetjinga med fokus på enkeltmenneska i målgruppa, skal informasjonen samlast inn på ein slik måte at det vert muleg å bruka den i rapportar om Tenk Tryggleik. Sjå vedlegg 5 og 9.

Når det gjeld den andre målsetjinga med fokus på forvaltningssamarbeid, skal dette evaluerast i høve til om det føreligg skriftlige avtalar og elles etablert effektive relasjonar. I tillegg er det viktig å beskrive samarbeidet med andre instansar og etatar. Tilbakeføringskoordinator er ansvarleg for å dokumentere slik måloppnåing.

Når det gjeld den tredje målsetjinga om å spreie kunnskap om Tenk Tryggleik, skal dette beskrivast av tilbakeføringskoordinatoren. I dei tilfelle det har vore dekning i media, skal dette dokumenterast.

### Informasjon og samfunnsdebattant

Det er Tenk Tryggleik si målsetjing at arbeidet vert gjort kjent for omgivnadane, spesielt i lokalmiljøet. Det er forventa at tilbakeføringskoordinator har eit aktivt forhold til lokalaviser i tillegg til aktuelle nettstader som porten.no, årdal.no, årdal.kommune.no, heimatt.no, kriminalomsorgen.no, Sogn avis, Firda osv.

Med dette meinast at tilbakeføringskoordinatoren deltek aktivt i samfunnsdebatten med for eksempel innlegg i aviser og andre typar meiningsytringar. Det vert understreka at meiningsytringane skal vere i tråd med Tenk Tryggleik sine idealistiske grunntankar.

Det er og ynskjeleg at tilbakeføringskoordinatoren er orientert om andre instansar sine aktivitetar i høve til fagleg utvikling, og søker å bidra med informasjon på for eksempel faglege forum eller andre liknande aktivitetar.

Det er primært tilbakeføringskoordinatoren som skal profilere Tenk Tryggleik, men andre i prosjektet kan rådførast.

## Samarbeidspartnarar

Tilbakeføringskoordinator pliktar å informere om Tenk Tryggleik og skal etablere relasjonar til andre samfunns-institusjonar som det er naturleg å samarbeide med. Det er eit mål at samarbeidet resulterer i gjensidig forpliktande avtalar der dette er naturleg.

## Politi

### Rutinar / verktøy ved innkomne saker

For at målgruppa tidligast mogeleg skal få tilbod om bistand, må tilbakeføringskoordinatoren halde fortløpande oversikt over nye i målgruppa. Årdal lensmannskontor har ansvaret for å melde inn nye registrerte saker til tilbakeføringskoordinatoren.

### Bruk av påtaleunnlating

Påtaleunnlating er sjeldan brukt. Det er ynskjeleg med ein fortløpande dialog med politiet om vurdering og bruk av påtaleunnlating. Koordinatoren må være på tilbodssida i forhold til å informere og samarbeide med politiet om innhald i påtaleunnlating og kva koordinatoren kan bistå med.

### Rutinar personundersøking

Politiet har ansvaret for å rekvirere Personundersøking i straffesaker heimehørande i Årdal kommune. Koordinatoren skal oppfordre politiet om Personundersøking i dei saker dette er relevant.

### Politiets meldingar til barnevernstenesta

Politiet har ansvaret for å orientere tilbakeføringskoordinator om meldingar / saker som vert oversendt til barnevernstenesta.

### Politikameratane

Politikameratane er eit av mange tiltak gjennom Årdal Tenk Tryggleik. Politikameratane si målsetjing er å komme i kontakt med ungdom i ung alder der ungdomen får kjennskap til korleis politiet jobbar. Politikameratane har arrangement der ungdommane vert gjort kjend med lover og reglar. Det er ynskjeleg at Tenk Tryggleik også er til stades ved slike arrangement og informerar ungdomen om Tenk Tryggleik.

## Domstol

Det er tilbakeføringskoordinatoren sitt ansvar at tingrettane i Sogn og Fjordane har informasjon og kunnskap om Tenk Tryggleik. Målet er at tingretten lagar seg rutinar på å vurdere Tenk Tryggleik som vilkår i betinga dom, innhald i samfunnsstraff og andre aktuelle former for straffegjennomføring. I slike høve vil det også vere en føremunn om retten legg føringar i høve til møtehyppigheit og konkret innhald i straffegjennomføringa.

I saker der domstolen vurderar å bruke Tenk Tryggleik, kan personundersøkjjar bli innkalla i retten for å gi ei nærare utgreiing av innhaldet i personundersøkinga og / eller utgreiing av straffealternativ.

## Kriminalomsorga

Kriminalomsorga skal ha hovudansvaret for saksbehandlinga, og skal dra nytte av tilbakeføringskoordinatoren som en ressurs i straffegjennomføringa.

Det er kriminalomsorga sitt ansvar å informere om forhold som har direkte innverknad på tilbakeføringskoordinatorens arbeid, som til dømes avtaler på forvaltningsnivå og liknande.

Kriminalomsorga ved prosjektleiar skal informere tilbakeføringskoordinatoren om kjennskap til klientar som skal tilbakeførast til Årdal.

### Fengsel

Det er en føremunn at domfelte / innsette som er heimehørande i Årdal kommune, sonar i Vik fengsel dersom forholda ligg til rette for dette. Det er oppretta et Frisett På Prøve- team der representantar frå Vik fengsel og Friomsorga ved prosjektleiar er representert. Prosjektleiar får her informasjon om domfelte / innsette som er heimehørande i Årdal kommune. Det er prosjektleiar's ansvar å informere tilbakeføringskoordinatoren om desse.

## **Region vest**

Kriminalomsorgen region vest skal ha ein kontaktperson som tilbakeføringskoordinatoren forhold seg til i det daglige. Denne personen skal sitte i arbeidsgruppa, prosjektleiinga og styringsgruppa. Regionen skal bistå i faglege spørsmål. Kommunikasjonen kan gå direkte, og det skal informerast om alt av betydning i arbeidsgruppa.

## Skule

Det er ynskjeleg at tilbakeføringskoordinatoren informerar leiinga på lokale skular om Tenk Tryggleik.

## Helse

Tilbakeføringskoordinatoren må ha jamlege informasjonsmøte med helsestasjonane, allmennpraktikarar / legesenter for å gjere dei kjende med kriminalomsorga og Tenk Tryggleik sitt arbeid.

## **Folkehelsekoordinator**

Folkehelsekoordinatoren i Årdal har en stilling med mange funksjonar. Han er tilsett i 50% stilling som folkehelsekoordinator, har 20% stilling som leier for Årdal Tenk Tryggleik, 20% HMS- medarbeidar i tekniske tenester, 5% som Akan-kontakt og siste 5% som hovudverneombod.

På grunn av denne breie samansettinga har folkehelsekoordinatoren en god base for å kunne bistå tilbakeføringskoordinatoren. Folkehelsekoordinatoren kjenner Årdalssamfunnet godt og bidreg til fremje tilbakeføringsarbeidet i Årdalsamfunnet.

## **Ungdomskontakt**

Kontakten mellom tilbakeføringskoordinatoren og ungdomskontakten skal ha et hovudfokus på førebygging og tidlig intervensjon som mål.

## NAV

Det føreligg ein samarbeidsavtale mellom Kriminalomsorga region vest og NAV Sogn og Fjordane.

NAV på kommunalt nivå har ansvaret for å bistå alle innbyggjarar med dei rettane innbyggjarane har krav på. Når det gjeld målgruppa, er det kriminalomsorga si oppgåve å legge til rette for at dette også inkluderar desse.

Vedlegg 8.

## Barnevernstenesta

Det er viktig at barnevernstenesta er informert om Tenk Tryggleik. Det er tilbakeføringskoordinatoren sitt ansvar å etabler samarbeid med barnevernstenesta i enkeltsaker.

## Frivillige organisasjonar / lag

Det er Tenk Tryggleik sitt mål å knyte til seg lokale frivillige lag og organisasjonar som kan bidra i tilbakeføringsarbeidet. Sjå vedlegg 1.

## Konfliktråd

Konfliktrådsmeikling er basert på ein kunnskap om at kontakt med offeret og godt gjennomført meklingsprosess kan gi kriminelle eit nytt perspektiv på handlingane sine, med målsetjing om at vedkommande bryt ei kriminell løpebane.

Tilbakeføringskoordinator skal samarbeide med konfliktrådet, vurdere aktuelle saker for meikling og motivere lovbrytarar til slik gjennomføring.

## Husbanken

Det er i juni 2009 oppretta eit samarbeid mellom Vik fengsel og Husbanken ved Roar Hansen. Husbanken har ulike prosjekt som kan vere aktuelle for Årdal kommune og Tenk Tryggleik. Det aktuelle no er "Sjølvbyggjarprosjektet", eit prosjekt der dei i målgruppa kan byggje sitt eige hus, etter ein modell frå Meland kommune.

Sjå vedlegg 10.

Årdal har for tida ein pressa bustadmarknad, der det kan vere vanskelig for dei å skaffe tomtar. Det er likevel ynskjeleg at samarbeidet med Husbanken utviklast vidare, både med Tenk Tryggleik, og med andre framtidige prosjekt.

For at Sjølvbyggjarprosjektet skal vere ein suksess, er det viktig å understreke at Vik fengsel er ein sentral aktør fordi modulane til husa må byggjast inne i fengselet. Det blir Vik fengsel si oppgåve saman med Husbanken å ha kontakt med fleire kommunar enn Årdal.

### Det lokale arbeidslivet

Når det vert aktuelt å skaffa målgruppa arbeid, er det ynskjeleg å opprette og oppretthalde god kontakt med det lokale arbeidslivet. I denne samanheng kan det vera lurt å ha intensjonsavtalar med nokon arbeidsplassar slik at arbeidet med å skaffa målgruppa arbeid er påbegynt før det faktiske behovet er tilstades.